

LIONS
RØDE
FJÆR



Gode Lionsvenner i 104C

Månadsbrev januar 2022

Så er nok ein måned gått. 1. februar er ein viktig dato i Lionsåret. Det er fristen for innsending av saker til Distriktsmøte og Riksmøte. I tillegg er det fristen på forslag av personar til dei ulike vera som er på val. Som tidlegare år, så har det ikkje nett vore stor pågang for å ta verv i Distriktet. Det er litt synd for eit slikt verv er både lærerikt og kjekt.

Klubb

Trass i restriksjonar, så har mange klubbar kunna hatt januar-møta sine. Det er veldig bra med tanke på Røde Fjær – aksjonen og all planlegging rundt denne. Mange klubbar har jobba målretta og har både gode og kreative planar for aksjonen. På ein oversikt eg fekk i førre veke viser det seg at 40% av klubbane i Distriktet vårt ikkje skal ha bøsser. Eg vart både skuffa og overraska, for dette er eit vedtak som er gjort på Riksmøte og som klubbane skal vera lojale mot. Ein del klubbar har donert frå aktivitetskassen og andre seier dei skal gjera det. Veldig bra det, men eg er litt der: **Ja takk, begge deler.**



Generalsekretær Hroar Thorsen er klar med bøssa

Målet til Distriktet er 9,3 mill. kroner. Klarer me det utan bøsser og innsamling? Neppes, for bøssene er viktige med tanke på både kontantar og Vipps.

Siste frist for bestilling av bøsser er 2. februar. Ta kontakt med generalsekretæren vår på e-post hroar.thorsen@lions.no og bestill bøsser.

Det er enno tid til å organisera ei innsamling på ein eller annan måte. <https://vimeo.com/665642723>

Me har alle eit ansvar for at « Små heltar kan nå sine store draumar».

« Klubb / Distrikt / Lions Norge »

Som de veit så er eg oppteken av klubbane sin lojalitet til organisasjonen vår på alle plan. Det er eit «gap» mellom svært mange klubbar og Distrikt/Lions Norge. Eg har som mål å gjera dette «gapet» mindre. Derfor spør eg : Kvifor er det slik? Kva kan Distriktet gjera annleis for at avstanden skal bli kortare? Kva fungerer og kva kan me gjera betre?

Dette er kjempeviktig. Ta det gjerne opp i klubben.

Soneleiar vil ta kontakt og rapporterer tilbake til Rådsmøtet i mars. Takk så lenge.



Alle klubbane må sjekka om dei har registrert klubben sin IR-ansvarleg i StyreWeb.

Har ikkje klubben ein ansvarleg for internasjonalt arbeid, så må de få ein person til det vervet. Det blir sendt ut mykje informasjon frå Lions sentralt (Lions Aid Norway – LAN) om utlandsprosjekta våre som ikkje når klubben når IR ikkje er registrert.

Nytt hovudprosjekt – utlandsaktivitetar. Her er det mange spennande prosjekt på gang.



Distriktet

I helga hadde me styremøte i Distriktet. Eg er så takknemleg for at eg har så mange gode folk med på laget. Ein god del saker, men også mykje fokus på neste år. Det er spennande ting på gang når det gjeld medlemsverving og medlemspleie. Eit nytt program (GMA) blir «rulla ut» 1. juli. Her vil soneleiarane 2022-2023 vera sentrale i lag med GAT- teamet i Distriktet. Opplæring vil bli gitt før oppstart.

Medlemstalet går fort på ned. No er me 1604 medlemmer i Distriktet. I fjor på same tid var me 1698. I Lions Norge er me pr i dag 8390 medlemmer mot 9115 i januar i fjor. Dette kan ikkje fortsetja. Me må gjera noko og her har alle medlemmer i alle klubbar eit ansvar. Det me har gjort til no har ikkje gitt forventa resultat. Me må ha ein annan strategi. I tillegg til at dette har ein økonomisk konsekvens for organisasjonen, så blir me stadig færre hender til å serva andre.

Det er svært gledeleg at alle sonene har klar soneleiar for 2022-2023. **Vil igjen minna om assisterande soneleiarar til desse.** Soneleiarrolla har aldri vore viktigare enn no.

Distriktsmøte 2021 nærmar seg. Møtet er sett til helga **22.-24.april**. Distriktsmøtet er planlagt gjennomført på **Quality Hotel Edvard Grieg** på Sandsli. Bergen/Løvstakken, som er vertskap, er godt i gang med planlegginga. Dette blir så bra, og det er berre å gle seg. Me kryssar fingrane for at det blir eit Distriktsmøte utan for mange restriksjonar. Følg med og meld deg på når påmelding blir sendt ut om ikkje så altfor lenge.

Campaign 100



Per Solberg fekk fortent MJF frå klubben sin LC OS

Melvin Jones Fellow Award er ein fin måte å bidra til kampanjen. Det er mange som fortener ei påskjøning. Det kan vera medlemmer eller andre som har gjort ein ekstraordinær innsats som er i Lions ånd.



Arne Bjelland fekk fortent MJF frå klubben sin LC Stavanger/Hafsrjord



Helge Brekke, Knarviksmilas «far», fekk fortent MJF frå LC Lindås

Me skal feira Lions Tulipanaksjon 30. april 2022.



Det er bedre å bygge barn,
enn å reparere voksne!!
Støtt LIONS tulipanaksjon!

Målet er å omsetja totalt 950.000 tulipanar i Lions Norge og Distriktet vårt har vedteke å ta 200.000 av desse. Frist for bestilling av tulipanar er 1. mars. Ta kontakt med NAC Mathias Vikse som er ansvarleg for tulipanaksjonen i Distriktet mathias.vikse@gmail.com. Bestill litt fleire enn tidlegare «normale» år. Dette er så viktig for drifta av «Mitt valg» For hugs at:

"Det er bedre å bygge barn enn å reparere voksne"

Lotteri- og stiftelsestilsynet har avslått momskompensasjonssøknaden 2020 frå Lions.

Grunnen som Lotteri- og stiftelsestilsynet har oppgitt er at dei meiner Lions er ein lukka organisasjon. Det er sendt klage på avslaget og så kryssar me fingrane for at klagen blir tatt til følge. Dette har store økonomiske konsekvensar for både klubbar / distrikt og Lions Norge. Det er sendt ut brev om dette til alle klubbar.

Til slutt

Eg er så takknemleg for at eg bur i verdas beste land. Materielt har dei fleste hos oss det meste. Det som ofte kan vera ei mangelvare er at nokon bryr seg. Hugs at omtanke for våre medmenneske betyr mykje og det kostar ingen ting anna enn litt av tida vår.

Kindness Matters



**Beste Lionshelsing frå
Gunnhild Rein Almås
Distriktsguvernør 104C 2021-2022
Telefon 90 79 67 47
c.dg@lions.no**